



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 23.06.2017
Vår ref.: 2017/7376
Arkivnr.:

Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn etter barnehagelova med Vindafjord kommune - pålegg om innsending av dokumentasjon

Etter barnehagelova, lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager, § 9 andre ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Fylkesmannen skal ha tilgang til kommunen sine dokument og lokale, jf. kommunelova § 60c.

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med temaet kommunen som barnehagemyndigheit. Tilsynet omfattar kommunen si plikt til å sjå til at barnehagane driv i tråd med reglane i barnehagelova. Kommunen har plikt til å gi rettleiing og føre tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 8, jf. § 16.

Formålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til ei styrking av kommunen sitt ansvar med å sjå til at barnehagane følgjer alle eigarpliktane i barnehagelova. Gjennom kontroll med kommunen si oppfølging av dei rettslege krava skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Gjennomføringa av tilsynet

Vindafjord kommune er vald ut som ledd i Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunane i Rogaland. Siste tilsyn med Vindafjord kommune som barnehagemyndigheit var i 2014. Tilsynet skal utførast ved ein gjennomgang av innhenta dokumentasjon og ved intervju. Dersom vi avdekkjer lovbrøt, vil Vindafjord kommune få førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet før vi vedtar eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

- 15.september – Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
- 30.oktober kl.10.00 – Gjennomføring av formøte og intervju
- Veke 48/49 – utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrøt
- 5. desember kl. 12.00 - Sluttmøte
- Veke 51 – utsending av endeleg tilsynsrapport med frist for retting

Fylkesmannen tar atterhald om endringar i planen.

Endeleg intervjuplan vil bli utarbeidd i forkant av tilsynet i samarbeid med kommunen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på Fylkesmannen sin nettstad.

Pålegg om innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen pålegg med dette Vindafjord kommune å sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegget til dette brevet. Vi ber om at kommunen utarbeider eit oversyn over dokumentasjonen som blir send over, for eksempel ved å bruke ei innhaldsliste. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av kommunelova § 60c.

Frist for innsending er **15. september 2017**.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unnateken frå det offentlege i den grad dette er heimla i offentleglova.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til Hanne Sørli Ronæss.

Med helsing
Sølvi Ona Gjul

Hanne Sørli Ronæss

utdanningsdirektør

seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Liste over dokumentasjon Fylkesmannen krev innsend

Saksbehandler: Hanne Sørli Ronæss
Saksbehandler telefon: 51 56 87 36
E-post: fmrohrs@fylkesmannen.no